

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Saka vert lagt fram utan saksframlegg.

Hilde Horpen (Sp) sette fram slikt forslag til uttale til kultur- og likestillingsminister Abid Q. Raja, kulturdepartementet og Vestlandsbenken:

«Få Gulatingslova heim!

Gulatingslova er den eldste kjende og bevarte lovsamlinga i Norden. Gulatingslova vart utvikla på Gulatinget (900-1300) i Gulen like sør for Sognefjorden. Det einaste komplette manuskriptet ligg i dag i Det Kongelige Bibliotek i København. Gulatingslova er ein viktig del av norsk kulturarv og bør oppbevarast i Noreg. Vestland fylkesting meiner det er på tide at Gulatingslova kjem heim att og ber regjeringa ta kontakt med danske styresmakter for å få overlevert manuskriptet. Det er eit mål for fylkestinget at Gulatingslova skal oppbevarast i Vestland.»

Avrøysting

Horpen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget sender slik uttale til kultur- og likestillingsminister Abid Q. Raja, kulturdepartementet og Vestlandsbenken:

Få Gulatingslova heim!

Gulatingslova er den eldste kjende og bevarte lovsamlinga i Norden. Gulatingslova vart utvikla på Gulatinget (900-1300) i Gulen like sør for Sognefjorden. Det einaste komplette manuskriptet ligg i dag i Det Kongelige Bibliotek i København. Gulatingslova er ein viktig del av norsk kulturarv og bør oppbevarast i Noreg. Vestland fylkesting meiner det er på tide at Gulatingslova kjem heim att og ber regjeringa ta kontakt med danske styresmakter for å få overlevert manuskriptet. Det er eit mål for fylkestinget at Gulatingslova skal oppbevarast i Vestland.